

ØRSKOG INTERKOMMUNALE LANDBRUKSKONTOR

Skogbrukssjef Kolbjørn Snekvik, tlf. 70 27 39 86

Ørskog, den 05.03.2004

Det kongelige Landbruksdepartement
Akersgt. 59

0030 Oslo

Vår ref.:
KoSn

Ref.:

Arkiv: V0&00

Forslag til ny lov om skogbruk utkast, 04.12.2003

Stordal formannskap behandla forslag til ny lov om skogbruk i møte den 25.02.04 og gir hermed uttale:

Høringsuttale frå Stordal kommune.

I Stordal har ein eit produktivt skogareal på ca. 27.000 dekar som ein kan anse som økonomisk drivverdig. Om lag 5.000 dekar av dette er i dag tilplanta med kulturskog. Her er etablert eit stort volum med biomasse på rot der det kan haustast vel 3.000 m³ pr. år. For å kunne nytte ut denne ressursen må det byggast ut ein del mere skogsvegar samt leveringsplasser for tømmer. Om lag 30 – 40% av areala har vegdekning i dag. Da bruken av virkemidlar fra staten har endra seg dramatisk dei siste to åra, er det uvisst om vegnettet vil bli endeleg utbygd.

Ei stor utfordring ligger i eigartilhøva, der 120 eigedomar er registrert (eigedomar over 10 daa) i kommunen. Gj.snitt. størrelse pr. eigedom er på ca. 225 dekar, som vidare er fordelt på svært mange teigar da det er eit stort behov for jordskifte i utmarka. Frå om lag 1950 og fram til i dag har staten forsøkt å styra skogbruksnæringa med hjelp av offentlege tilskott. Dette har ført til ein storstilt innsats med skogplanting, og ein har lukkast med å bygge opp ein svært stor biomasse som no er klar til å bli hausta. Dersom staten velger å trekka seg ut før vegnettet er bygd ut, vil det bl.a. medføra at ein del kulturskog aldri vil bli hausta.

Forslaget til ny skoglov medfører at kommunen skal setja krav om tiltak, eller syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanheng er tvangsgrunnlag for utlegg.

I praksis vil dette bli svært vanskeleg å praktisera av fleire grunnar, bl.a.:

- mangel på kvalifisert arbeidskraft/ maskinelt utstyr
- mangel på skogsvegar i mange områder
- uklare eigarforhold
- Låg lønnsemd med hogst kan medføra tap for eigarane dersom ein får store køyreskader.
- ein vil skapa eit konfliktforhold til eigarane i staden for å vera ein medspelar

Her følger ein kommentar til noen paragrafer:

§ 1-5 generell kommentar

Ein førebels reaksjon frå styret i Stordal skogeigarlag på desse paragrafane er at dei pliktene som skogeigarane vert pålagde står i sterk kontrast til det spelerommet ein får når det gjeld utnytting av skogen. Slik ein ser det er miljø og friluftslivsverdiane sett vesentleg høgare enn ei god næringsmessig utnytting av verdiane skogen gir.

§6. Forynging av skog

Her får kommunen ei fenomenal kontrollmyndigheit. Denne myndigheita blir svært vanskeleg å føra ut i det praktiske liv. Med om lag 1000 skogeigedomar for ein skogtenestemann fordelt på mange kommunar blir det helt uråd å kartleggja alle hogstflatene kvart år, og så praktisera ei likebehandling på dette området. Utgiftene med planting har auka med ca.60% siste året, den siste planteskolen i fylket er nærmast lagt ned, dette medfører at interessa for å plante ny skog blant skogeigarane vil bli betydeleg redusert.

Dersom kommunen skal sørge for at det blir utført skogplanting og stell av plantefelta med å handheva den nye skoglova, har vi ein nesten umogeleg oppgave.

Slik styret ser det er forslaget til lovtekst her slik utforma at den skremmer mange skogeigarar frå hogst. Med dei manglende tilskuddsordningane som er innført til foryngelse og reproduksjon vil denne lovteksten føre til at store mengder skog rotnar på rot i staden for å vera ein verdifull resurs for skogeigar og industrien.

§7.

Her virkar formålet med vegbygginga uklart, skal vegane byggast for miljøverdiane si skuld? Det går ikkje klart fram at vegane kan nyttast til næringsaktivitet eller at det skal setjast noe krav til lønnsomhet.

Skal det byggast skogsvegar, må hovedformålet vera å få virket ut av skogen på ein rasjonell måte.

§ 8 og 9.

Desse to paragrafane pålegg skogeigarane mange plikter som ikkje av økonomiske eller forvaltningsmessige grunnar er forsvarlig.

§10.

Dersom kommunen skal iverksette tiltak 2 år etter brann, vindfelling eller skred, vil skogen ofte vera verdiløst med vårt klima. Å sette krav om tiltak/ hogst vil lett medføre svært store utgifter for skogeigaren. Dersom det vert pålagt å fjerne vindfall og skog som er nedlagt av ras vil dette ofte ha eit svært negativt økonomisk utbytte for skogeigar. Ein slik lovtekst er på grensa til overformynderi, og vitner om liten praktisk sans for skogsdrift.

§11.

Styret meiner at forslaget til lovtekst er eit overtramp mot skogeigarane som ikkje på nokon måte kan godtakast. Det er vel det næraste ein kjem eit byråkratisk ubegrunna overformynderi.

§14 Innbetaling til skogfond.

Skogfondet virkar ikkje etter hensikten da pengane ikkje blir brukt slik som forutsatt. Skogstrøka har andre forutsetningar enn kva kyststrøka på nordvestlandet har. Da skogfonda i kommunane vokser jamt og trutt over tid, blir ein stor kapital låst. Desse pengane er det lita interesse for å bruka etter lova. Ein dag må desse pengane frigis.

§15. Bruk av skogfond.

Her står det at skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar. Når så skogsvegar ikkje lenger skal kunne nytta pengar frå skogfondet med skattefordel, blir dette feil.

Det må bli enklare å frigi skogfondet når bruken av det er så vidt dramatisk redusert dei siste åra.

Konklusjon.

Ei ny skoglov burde heller ha lagt vekt på å legge til rette for skogbruk som næring, samt sikre råstoff til industrien både lokalt og nasjonalt. Da ville lova ha bidratt til å sikre sysselsetjing noe som er helt fraverande i dette utkastet.

I dette forslaget til ny skoglov blir kommunane pålagde ein heil rekke kontrollfunksjonar som det er svært tvilsomt at blir fylgt opp i den verkelege verden. Dersom lova blir vedtatt slik som dette kan det lett medføra at lova blir lite brukt, og dermed ikkje få noen rettspraksis, men blir eit historisk dokument utan mål og meining.

Etter styret i Stordal skogeigarlag sitt syn vil ei eventuell innføring av denne lova gjera forholda for skogeigarane vesentleg vanskeligare. Det er ei lov som er svært vanskelig å gjennomføra i praksis for skogbruksetaten, og som lett kan skape dårlege forhold mellom myndighetene og skogeigarane. Denne lova vil kreve svært smidige personer til gjennomføring. Etter vårt syn er dette ei lov som i første rekke er laga for å tilfredsstillе miljø og friluftsiinteressene, og ikkje fremme skogbruk som næring.

For Stordal kommune

Kolbjørn Snekvik
Skogbrukssjef